



Trafikksikring har vore eit moment i sandtaksaka. Vegen inn til sandtaket tar her av frå fylkesvegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Saka om det planlagde sandtaket til Trond H. Myklebust er framleis ikkje avklara sjølv om det no er laga ei konsekvensutgreiing og kommunen som ein oppfølging av dette har bedt fylkesmannen om å trekkja motsegna til planforslaget.

Det siste som har skjedd er ei uttale frå plankonsulent Harald Bjørndal, som har laga konsekvensutgreiinga, om dei siste merknadane frå Fylkesmannens miljøvernavdeling.

Her minnar Bjørndal om eit møte i mai der avdelinga sine representantar bestemte at konsekvensutgreiinga skulle vera ein 'light' versjon med desse emne:

- * Forhold til Uskedalselva som viktig laks- og sjøaureelv.
- * Visualisere etterbruk
- * Støy

Under høyringsrunden kom behovsvurdering og trafikksikringsvurderingar i tillegg.

Etter at planprogrammet vart vedteke har Bjørndal halde seg til dei avtalte tema og laga oppsett etter mal frå Bergvesenet, pååeikar han.

Bjørndal lovar at eit punkt om oppsamlingsanordning for slam, som sikrar at avsig til elva blir stoppa før ny drift tar til, skal koma på plass.

Plankonsulenten skriv at 'vi kan ikkje no belasta tiltakshavar med nye utredningar'

Saksbehandlar Ingo Bewer i kommunen skriv at administrasjonen seier seg einig i brevet frå Bjørndal og peikar på at dei vilkåra som vart sett i møte med miljøvernavdelingen stort sett er oppfylt.

Eit nytt krav frå avdelinga verkar etter administrasjonen sitt syn urimeleg og lite forutsigbart i høve til reguleringsplanprosessen og tiltakshavar Trond H. Myklebust.

Av Ola Matti Mathisen